



Fortidsminneforeninga
Sunnmøre lokallag
Postboks 114, 6001 Ålesund
sunomore.lokallag@gmail.com

Giske kommune

ANKE AV RIVINGSVEDTAKET AV VIGRA KRINGKASTAR

Det har i fleire år vore arbeidd med å bevare Vigra kringkastar som eit museum. Fortidsminneforeninga Sunnmøre lokallag er svært lei for det rivingsvedtaket som Giske kommune nå har gjort i sak KMT – 051/2017.

Vi er lokalavdelinga til ei nasjonal foreining som arbeider for bevaring av viktige kulturminne. Fortidsminneforeninga har også tidlegare uttalt seg om saka tilbake i år 2014, sjølv om vi ikkje fann vårt brev i vedlegglista. Vigra kringkastar ligg omtalt på nettsida til <C:\Users\Melissa\AppData\Local\Microsoft\Windows\INetCache\Content.Outlook\03G0759H\Fortidsminneforeningen.no> Fortidsminne-foreningen <http://www.fortidsminneforeningen.no> saman med 10 andre «raudlista» hus rundt i landet.

Vigra kringkastar har, som kommunen sjølv peikar på, vore viktig både i kommunikasjons-samanheng og i krigshistoria. Det ein skriv i vedtaket om å oppbevare installasjonane ein annan stad, er eit slag i lufta og vitnar om at ein ikkje tek saka seriøst.

Det er eit ålment prinsipp blant fagfolk at kulturminna bør takast vare på der dei ligg – flytjing vil alltid vere ei naudløysing og unnatak for å berge noko pga sterke offentlege behov for bruk av areala på annan måte – t.d. vegbygging. Dessutan er det **mykje** dyrare å flytte enn å bevare på staden.

Her er det ingen offentlege behov for arealet, og husa er i brukeleg stand, så det er uforståeleg at Giske kommune vil slette eit så viktig område frå historia si. Rett nok er dei nåverande bygga og installasjonane bygde etter krigen, men dei ligg på same staden og viser utviklinga både før og etter krigshendingane.

I tillegg til å vere eit viktig krigsminne, er stasjonen nasjonal kulturhistorie i kringkasting. Telenor planla i si tid Vigra kringkastar som museum med nasjonal verdi i kringkastingshistoria. Dei andre 3 liknande anlegga er borte! «Vigra lokal» var eit omgrep i åra etter krigen, med Joachim Rønneberg som kjend og markant radiostemme.

Men Vigra kringkastar var også viktig i fiskerinæringa i mellom- og etterkrigstida – og var viktig for utviklinga og drifta av fiskeria i kommunen, og i distriktet, – ei næring som lokalsamfunnet var tufta på.

Vigra kringkastar og verksemda der representerer såleis også ein viktig del av næringshistoria til kommunen og utviklinga av velstanden i etterkrigstida og er med og utfyller annan nyare teknisk historie som til dømes fyra i kommunen.

Såleis bør Giske kommune bruke nokre kroner på å bevare eit breitt kulturhistorisk føremål for kommunen: Krigshistorie, kringskastingshistorie og fiskerihistorie for nyare tid.



Fortidsminneforeninga
Sunnmøre lokallag
Postboks 114, 6001 Ålesund
sunomore.lokallag@gmail.com

Alt dette vil forsvinne ved riving av stasjonen. Å take ut installasjonane og flytje dei til ein annan stad, er så vidt dyrt at det ikkje kjem til å skje. Dei nye «utgravingane» av Vemork-anlegga på Rjukan, syner også at ein fort kan angre seg. Det som nå blir gjort der er rett og viktig, men også unødvendig dyrt.

Giske kommune er rik på fortidsminne som blir tekne vare på – Vigra kringkastar blir også fortidsminne med tida!

Vi oppmodar Giske kommune til å ombestemme seg og bevare eit viktig historisk monument i kommunen som er med og kompletterer lokalhistoria – og som også kan bli eit unikt museum på nasjonalt nivå.

Ålesund 15. oktober 2017

Fortidsminneforeninga Sunnmøre lokallag

Jorunn Monrad
leiar

Kopi: Fylkeskulturavdelinga i Møre og Romsdal

Fortidsminneforeningen